

## **Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen** **tysdag 18. februar 2020, kl. 18.00 – 20.00**

### **Sak 1 Velkomen / opning**

Marit Kvamen ynska velkommen. Onsdagsringen opna med kulturelt innslag; springar.

Eitt minutt stilla for heidersmedlem Aslaug Kvilekval Breivik og andre medlemar som har gått bort i året som gjekk.

Det var 22 frammøtte med røystrett og 2 utan røysterett.

### **Sak 2 Konstituering**

2.1 godkjenning av innkalling

Vart send ut til alle medlemar den 04.02.20

Desse hadde ordet i saka: Steinar Rognsvåg, som ba om at styret retta årstalet på innkallinga.

**Vedtak: Innkallinga vart samrøystes godkjend.**

2.2 godkjenning av saklista

Vart send ut til alle medlemar den 04.02.20

**Vedtak: Saklista vart samrøystes godkjend.**

2.3 val av ordstyrarar

**Vedtak: Arnvid Underlid og Gunn Inger Sture**

2.4 val av skrivarar

**Vedtak: Gro Vetås og Ida Marie Rognsvåg**

2.5 val av protokollunderskrivarar

**Vedtak: Eli Randmo og Hans Nyeggen**

2.6 val av teljekorps

**Vedtak: Halvor Røyset og Aud Vetås**

### **Sak 3 Årsmelding for 2019, med førebels rapport for arbeidsprogrammet 2019-2020**

Lars F. Smaaberg la fram årsmeldinga og førebels rapport for arbeidsprogrammet.

Tilråding frå Rådet den 11.02.20: *Rådet er svært imponert over den store aktiviteten i laget, særleg mot born og unge.*

*Vedtak: Årsmeldinga vert tilrådd godkjent av årsmøtet.*

Desse hadde ordet i saka: Rigmor Nesheim Vaular, Torgrim Ljones, Eldbjørg Gunnarson, Stig Indrebø og Eli Randmo .

Styret fekk skryt for god og mykje aktivitet i laget. Særleg er det gledeleg at talet på barnemedlemmar aukar, og at det er mykje og god aktivitet for denne aldersgruppa.

Merknad frå Rigmor: s 4. Kurset i springleik var skipa til saman med bygdedanslaget.

Merknad frå Torgrim: pkt: 3 Teater; referera til teateraktivitet i barnelaget, Juniorspelmanss laget og Dragegjengen.

Merknad frå Torgrim: pkt 16 Gåver, minne og helsingar; det vart send båretbukett i gravferda til Grete Johnsen.

Alle merknadane vert teke omsyn til og teke inn i årsmeldinga.

**Vedtak:**

Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2019 for laget, og tek førebels rapport om arbeidsprogrammet til vitande.

#### **Sak 4 Rekneskap for 2019**

Marit Kvamen la fram rekneskapen for laget. Ho nemde at inntektene frå kurs og billettsal gav større inntekt enn budsjettet. Noko som er gledeleg og syner at aktivitetar i laget skapar inntekter. Varekostnadar og honorar / lønskostnadar er høgare enn tidlegare då det er fleire faste aktivitetar, noko som betyr fleire instruktørar og spelmenn, og at honorarsatsen i laget vart auka f.o.m. 2019.

Arnvid Underlid la fram rekneskapen for fond- og egedomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 11.02.20: *Vedtak: Rekneskap for laget og Fonds- og egedomsstyret vert tilrådd godkjent av årsmøtet.*

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Halvor Røyset og Eldbjørg Gunnarson,

Gunn Inger Sture las revisjonsmeldinga pr. 10.februar 2020.

**Vedtak:**

- a. Årsmøtet godkjenner rekneskap for laget 2019. Overskotet på kr. 6113,- vert lagt til eigenkapitalen.
- b. Årsmøtet godkjenner rekneskap for fond- og egedomsstyret 2019.

#### **Sak 5 Budsjett 2020**

Marit Kvamen la fram budsjettet for laget. Laget vedtok på årsmøtet i 2019 å auka a aktivitetsavgift fom 2020. Styret la fram eit balansert budsjett.

Arnvid Underlid la fram budsjettet for fond- og egedomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 11.02.02: *Vedtak: Budsjettet bør arbeidast meir med, og sendast til Rådet for godkjenning pr. e-post før årsmøtet.*

Tilråding frå Rådet den 18.02.20: *Budsjett 2020 vert tilrådd godkjent av årsmøtet med fylgjande merknad: Auka lønssatsar for spelemenn og instruktørar vart diskutert på rådsmøte 15.01.2019 der rådet stilte seg kritiske til den store auken. Auken vart likevel vedteke på styremøte 17.01.2019, og rådet har ikkje handsama vedtaket etter dette.*

Desse hadde ordet i saka: Knut Malkenes, Ida Marie Rognsvåg og Eli Randmo.

**Vedtak:**

- a. Årsmøtet vedtek budsjettet for 2020 for laget.
- b. Årsmøtet vedtek budsjettet for 2020 for fond- og egedomsstyret.

## Sak 6 Medlemspengar 2021

Ida Marie Rognsvåg la fram saka. Styret foreslår å halda medlemspengar og aktivitetsavgift uendra.

### Vedtak:

#### Medlemspengar 2021:

Vaksne	kr 700
Barn og ungdom t.o.m. 26 år	kr 500

I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemar som deltek på ein eller fleire faste øvingar i laget; kr. 500,- pr. år. (250,- pr halvår)

## Sak 7 Fråsegner

Det har kome inn ei fråsegn frå Vigleik Solvang, om heving av ubåten ved Fedje. Lars F. Smaaberg innleia saka frå styret, som meiner at dette er ei viktig sak, men at det ikkje er ei sak som laget bør meina noko om.

Tilråding frå Rådet: *Rådet drøfta framlegget til fråsegn og det prinsipielle rundt kva laget skal uttala seg om. Konklusjon vart at saka er viktig for miljøet, men at den ligg utanfor laget sine arbeidsområde. Laget bør derfor ikkje uttala seg. Rådet foreslår at laget skipar til eit offentleg møte om saka.*

Desse hadde ordet i saka: Vigleik Solvang, Stig Vaular, Eli Randmo, Ida Marie Rognsvåg, Torgrim Ljones, Halvor Røyset, Renathe Nilsen, Eldbjørg Gunnarson, Stig Indrebø, Lars F. Smaaberg, Hans Nyeggen, Øystein Rambjørg og Jorunn Espetved.

**Framlegg:** *Styret skipar til eit lagsmøte om ubåten ved Fedje, før ein ev sender ut ei fråsegn.*

For: 6  
Mot: 12  
Blanke: 4

**Framlegg:** Årsmøtet sender fråsegna om heving av ubåten ved Fedje.

For: 4  
Mot: 16  
Blanke: 2

### Vedtak:

Årsmøtet vedtek ikkje fråsegna om heving av ubåten ved Fedje.

## Sak 8 Val

Rigmor Nesheim Vaular frå valnemnda la fram saka på vegne av valnemnda. Valnemnda har ikkje kome heilt i mål, og manglar nokre tillitsvalde: ein styremedlem i lagsstyret og to medlemar i ungdomsgruppa.

Desse hadde ordet i saka: Marit Kvamen, (styret ynsker at valnemnda fyller siste plassen i styret), Renate Nilsen: framlegg om å setja seg sjølv inn i styre. Vedteke til ståande applaus!

Framlegg frå Marit Kvamen: Styret ynskjer at valnemnda får fullmakt til å jobba vidare med å finna den siste styremedleimen, utan at ein treng å ha framhald av årsmøtet.

Framlegg frå Renathe Nilsen: Ny styremedlem: Renathe Nilsen.

Framlegget frå Renathe fekk samrøystes applaus, og ho vart vald.

Desse hadde ordet i saka: Renate Nilsen, Øystein Erstad, Hans Nyeggen, Rigmor Vaular og Marit Kvamen,

### Vedtak:

Lagsstyret		
Leiar	Marit Kvamen	Ny, 1 år
Medlem	Marianne Pedersen	Ny, 2 år
Medlem	Lars F. Smaaberg	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Renathe Nilsen	Ny, 2 år
Medlem	Einar Heggland	Ikkje på val, 1 år att
Varamedlem	Irene Bjørke	Attval, 1 år
Varamedlem	Inga Myhr	Ny, 1 år
Varamedlem	Nina Blågestad	Ny, 1 år
Rådet		
Leiar	Eldbjørg Gunnarson	Attval, 1 år
Medlem	Sverre Sundvor	Attval, 2 år
Medlem	Eli Randmo	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Stig Indrebø	Attval, 2 år
Medlem	Ingunn Skjelvan	Ikkje på val, 1 år att
Varamedlem	Hans Nyeggen	Attval, 1 år
Varamedlem	Borghild Opdal	Ny, 1 år
Fond- og eigedomsstyret		
Leiar	Arnvid Underlid	Attval, 1 år
Medlem	Frode Myhra	Attval, 2 år
Medlem	Oddrun Samdal	Ikkje på val, 1 år att

Medlem	Bente Kristin Humborstad	Ny, 2 år
Medlem	Vegard Opheim	Ikkje på val, 1 år att
<b>Folkedanslaget</b>		
Leiar	Marit Kvamen	Attval, 1 år
Medlem	Stig Indrebø	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Helge Svartveit	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Sverre Sundvor	Ny, 2 år
Medlem	Ingeborg Nilsen	Ny, 2 år
<b>Ungdomsgruppa</b>		
Leiar		På val, 1 år
Medlem	Emma Lirhus Miro	Ikkje på val, 1 år att
Medlem		Suppleringsval, 1 år

**Vedtak:** Ungdomsgruppa vert lagt til lagsstyret, og at lagsstyret får fullmakt til å setja ned ei nemnd om det let seg gjera.

<b>Barnelaget</b>		
Leiar	Lise Bjørnen	Ny, 1 år
Medlem	Yvonne Dahl	Attval, 2 år
Medlem	Jorunn Espetvedt	Suppleringsval, 1 år
<b>Koret</b>		
Leiar	Knut Arne Vedaa	Attval, 1 år
Medlem	Julian Merlin Ertel	Ny, 2 år
Medlem	Oda Strøm Oksholm	Suppleringsval, 1 år
Vara	Selinn Sannes	Ny, 1 år
Vara	Dag Inge Bøe	Nyl, 1 år
<b>Jr.laget</b>		
Leiar	Mikko Mikkonen	Attval, 1 år
Medlem	Marianne Rønnestad	Attval, 2 år
Medlem	Vivian Holmefjord	Suppleringsval, 1 år
<b>Audhilds</b>		
Leiar	Johanne Mjøs	Ny, 1 år
Medlem	Marion Nordvik	Ny, 2 år
Medlem	Haldis Marie Samland	Ikkje på val, 1 år att

### Hyttenevnda

Leiar	Martin Nessen	Attval, 1 år
Medlem	Hans Nyeggen	Attval, 2 år
Medlem	Stig Vaular	Ikkje på val, 1 år att

### Ettersyn

	Torbjørn Haukås	Ny, 1 år
	Steinulf Tunesvik	Attval, 1 år
Vara	Halvor Røyset	Ny, 1 år

### Valnevnda

Leiar	Borghild Opdal	Ny, 1 år
Medlem	Solbjørg Eik	Ny, 1 år
Medlem	Hans Nyeggen	Ny, 1 år
Medlem	Torbjørn Haukås	Attval, 1 år
Medlem	Frode Myhra	Attval, 1 år

**Vedtak:** Selsvikklubben vel eigen leiar, Kvedargruppa og Skostredet spõt og slarv vel eigne kontaktpersonar. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å peika ut nemndsmedlemmer til teaterlaget og Gimlingane etter trong. Utsendingar til ulike årsmøte og landsmøte: Lagsstyret får fullmakt til å skaffa all representasjon.

Årsmøtet fekk servert rundstykker, te og kaffi.

Marit takka for eit hyggeleg møte og delte ut blomar til styremedlemar og varafolk som gjekk ut av styret, samt Torgrim Ljones som gjekk ut av fonds- og egedomsstyret.

Marit takka for møtet!

Møtet slutt. 19.50

Eli Randmo

Eli Randmo

Hans Nyeggen

Hans Nyeggen